



Skikrinsstyret@

Sakshand.: YT/IF

Dato: 05.09.2015

Arkivk.: styret/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 01 I SKIKRINSSTYRET, 2015-2017

Stad Loen, Hotel Alexandra

Tidspunkt: Frammøte, fredag 04. september
Avslutning, laurdag 05. september

RAMMEPROGRAM, FREDAG 04. SEPTEMBER 2015

Program	Tidspunkt	Saker	Andre opplysningar
Frammøte	Kl. 17.00		
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 17.00-19.00	Sak 01-05 /15-17	
Sosialt samvær (basseng/ spa m.m.)	Kl. 19.00		
Middag	Kl. 20.30		

RAMMEPROGRAM, LAURDAG 05. SEPTEMBER 2015

Program	Tidspunkt	Saker	Andre opplysningar
Frukost	Kl. 08.00		
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 09.00-12.00	Sak 06-13 / 15-17	
Lunsj	Kl. 12.00		
Heimreise	Kl. 12.30 – 13.00		

Sakliste; sjå neste side.



Sakliste – fredag 04. september 2015

REFERATSAKER

SAK 01 15-17 SFSK AK protokoll nr. 01 15-17

RAPPORTERING

SAK 02 15-17 Rekneskapsrapport pr. 30.08.2015

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 03 15-17 Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 04 15-17 Godkjenning av protokoll frå styremøte nr. 10 13-15

TEMASAKER

SAK 05 15-17 Status og utfordringar i Sogn og Fjordane Skikrins

Sakliste – laurdag 05. september 2015

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 06 15-17 Revidering av budsjett 2015

SAK 07 15-17 Arbeidsavtale – Even Hole

SAK 08 15-17 Beredskapsplan Sogn og Fjordane Skikrins

SAK 09 15-17 Haustmøtet 2015

SAK 10 15-17 Norges Skiforbund sin Anleggspris 2015

SAK 11 15-17 Møteplan Skikrinsstyret

ORIENTERINGSSAKER

SAK 12 15-17 Markedsarbeid Sogn og Fjordane Skikrins

SAK 13 15-17 Synfaring Ullsheim, 10.08.2015

EVENTUELT

SAK 14 15-17 Programsatsingsmidlar til Langeland Skisenter

- TIL STADES:** Inge Fænn, Finn Årdal, Hallvard Nygård, Atle Hamar (fredag), Lars Kveen, Anders Felde (fredag), Per Lambretchs og Yngve Thorsen (adm.)
- FORFALL:** Reidun Hegrenes, Arthur Hegrenes, Gunnar Fannemel, Asle Sande
- MERKNADER:** Lars Kveen (nestleiar i hopp- og kombinertkomiteen) møtte i stadenfor Gunnar Fannemel (leiar i hopp- og kombinertkomiteen). Anders Felde (2. vara) deltok i møtet fredag for Asle Sande (1. vara). Per Lambretchs (nestleiar alpinksomiteen) deltok i møtet fredag med talerett, og møtte i stadenfor Atle Hamar (leiar alpinksomiteen) laurdag.
- REFERENT:** Yngve Thorsen
-

Sakliste – fredag 04. september 2015

REFERATSAKER

- SAK 01 15-17** **SFSK AK protokoll nr. 01 15-17**
Bakgrunn
Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i alpinksomiteen er vedlagt.

VEDTAK
Teke til orientering.

RAPPORTERING

- SAK 02 15-17** **Rekneskapsrapport pr. 28.08.2015**
Bakgrunn
Rekneskap pr. 28.08.2015 er sendt ut på førehand.
Adm. presenterte rekneskapen.

VEDTAK
Skikrinsstyret tek framlagt rekneskapsrapport til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- SAK 03 15-17** **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK
Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste

- SAK 04 15-17** **Godkjenning av protokoll frå styremøte nr. 10 13-15**
Bakgrunn
Protokoll frå styremøte nr. 10 13-15 er sendt ut tidlegare for godkjenning.
Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK
Skikrinsstyret godkjenner protokoll frå styremøte nr. 10 13-15.

TEMASAKER
SAK 05 15-17

Status og utfordringar i Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Med grunnlag i Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan (vedlagt) legg ein opp til ei drøfting i Skikrinsstyret vedr. status og utfordringar knytt til skisporten i fylket.

Konklusjonane med bakgrunn i drøftingane skal danne delar av grunnlaget for utarbeiding av skikrinsen sin handlingsplanar kommande år.

VEDTAK

Med bakgrunn i drøftingar og konklusjonane i saka gjer Skikrinsstyret følgjande vedtak:

- 1) Adm. utarbeidar eit notat til Sogn og Fjordane idrettskrins. Notatet skal m.a. omhandle utfordringane knytt til korleis dei vidaregåande skulane (fylkeskommunen) i større grad må samhandle med idretten, m.o.t. kombinasjon av skulegang og toppidrett.
- 2) Greinkomiteane i Sogn og Fjordane Skikrins skal utvikle Sportsplanar for respektive skigreiner. Sportsplanane skal ta utgangspunkt i Norges Skiforbund sine langsiktige utviklingsplanar, og tilpassast våre lokale- og regionale høve. Eit grovutkast til Sportsplanar skal presenterast i samband med Haustmøte 2015, og skal endeleg handsamast i samband med Vår møtet 2016.
- 3) Sogn og Fjordane Skikrins skal vurdere å iverksetje eit arbeid knytt til klubb- og leiarutvikling. Adm. følgjer opp dette arbeidet i samarbeid med nestleiar i Skikrinsstyret (leiar for utdannings- og utviklingskomiteen).

Sakliste – laurdag 05. september 2015

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 06 15-17

Revidering av budsjett 2015

Bakgrunn

Viser til Skikrinsstyret sitt vedtak i:

Sak 123 13-15 – Fordeling av mva. kompensasjon 2015.

Skikrinsstyret sluttar seg til framlegget, og gjer vedtak om at mva. kompensasjonen i 2015 skal budsjetterast og først som inntekt fordelt på arbeidsutvalet/ administrasjon, alpiskomiteen, hopp-/ kombinertkomiteen og langrennskomiteen. Vedtaket innbefattar at fordelinga av tilskotet skjer etter prosentvis fordeling basert på sum driftskostnader for dei ulike avdelingane pr. år.

Jamfør Skikrinsstyret sitt vedtak har administrasjonen revidert budsjettet for 2015.

Med bakgrunn i vedtaket er budsjetteringa av mva. kompensasjonen endra slik:

- Arbeidsutvalet (AU) sine inntekter er redusert til ca. kr. 41 000,- (frå kr. 160 000,-)
- Alpinkomiteen (AK) sine inntekter er auka med ca. kr. 49 000,-
- Langrennskomiteen (LK) sine inntekter er auka med ca. kr. 67 000,-
- Hopp- og kombindertkomiteen sine inntekter er auka med ca. kr. 2 000,-

Bortfallet av inntektene (mva. komp.) i AU sitt budsjett medfører at AU får eit budsjettert underskot på ca. kr. 107 000,- (før ytterlegare revidering).

Vidare har ein i revideringsprosessen styrka budsjettet til AU med kr. 37 500,- i markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane knytt til konseptet Skiing Norway. I tillegg har ein redusert diverse kostnader både i styret og administrasjonen sitt budsjett.

Til tross for dette så klarar ein ikkje å balansere AU sitt budsjett jf. vedtak i Skikrinsstyret.

Adm. foreslår difor at ein endrar fordelingsnøkkelen når det gjeld markedsinntekter frå 7,5% til 12%. Dette medfører at markedsinntektene vert fordelt slik for 2015;

- AU; kr. 88 200,-
- LK; kr. 345 720,-
- AK; kr. 321 200,- (inkl. samarbeidsavtale med Sparebanken Vest)
- HKK; kr. 50 000,-

Slik kan AU sitt budsjett balansere, og ein har vidare etablert ei ordning der ein sikrar ei framtidretta fordeling av inntektsgrunnlaget til Sogn og Fjordane Skikrins.

Med bakgrunn i endringane har respektive greinkomitèar eit udisponert budsjettert resultat for 2015:

- AU; kr. 8 600,-
- LK; kr. 52 170,-
- AK; kr. 48 650,-
- HKK; kr. 5 850,-
- Totalt; kr. 115 270,-

Adm. oppmodar komitèane å drøfte korleis det reviderte resultatet i budsjettet for 2015 skal disponerast.

Revidert budsjett er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner revideringa av budsjettet for 2015, og gjer vidare vedtak om at fordelingsnøkkelen av markedsinntektene vert endra frå 7,5% til 12%. Dvs. at AU held igjen 12% av markedsinntektene til eiga drift, medan resterande 88% vert ført over til greinkomitèane (jf. respektive samarbeidsavtalar)

SAK 07 15-17

Arbeidsavtale – Even Hole

Bakgrunn

Med bakgrunn i den nye samarbeidsavtalen med Sparebanken Vest har alpinksjefen gjort vedtak (Sak 05 15-17) om at Even Hole skal tilsettas som krinstrener sesongane 2015-2016, 2016-2017 og 2017-2018.

Stillingsprosenten til Hole vert 40%, og med bakgrunn i finansiering av stillinga er lønna fastsett til kr. 240 000,- pr. år (feriepengar og arb. gj. avgift kjem i tillegg).

Hole sitt virke som krinslagstrener vil vere knytt til utvikling av klubbmiljø, utvikling av lokale trenarar, ansvarleg for komiteen sine barmarksamlingar, hovudleiar på Hovudlandsrenn etc. Hovudoppgåvene er spesifisert i vedlagde arbeidsavtale m/ vedlegg.

Rammene for Even Hole sin arbeidsavtale skal formelt godkjennast av Skikrinsstyret.

Framlegg til arbeidsavtale m/ vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner rammene for Even Hole sin arbeidsavtale, og gjer vedtak om at Hole skal tilsettas i Sogn og Fjordane Skikrins i 40% stilling som krinstrener i alpint.

Under føresetnad av at dei økonomiske rammevilkåra er i høve til budsjett, får leiar i alpinksjefen og adm. sjef fullmakt til å inngå arbeidsavtale m/ Even Hole f.o.m. 15.09.2015.

SAK 08 15-17

Beredskapsplan Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

I samråd med styreleiar har adm. sjef utarbeida eit framlegg til Beredskapsplan for Sogn og Fjordane Skikrins.

Beredskapsplanen er utarbeida med grunnlag i tidlegare drøftingar i Skikrinsstyret, og skal vere eit dokument som beskriv kva som må gjerast i ein krisesituasjon.

Planen skal omfatte heile organisasjonen, og sikre at ein er godt førebudd på handsaming av ulike typar krisesituasjonar.

Framlegg til Beredskapsplan finn ein vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner framlegg til Beredskapsplan.

Vidare skal administrasjonen syte for at Beredskapsplanen vert forankra i organisasjonen, m.a. gjennom eiga orientering om planen i samband med Haustmøtet.

SAK 09 15-17

Haustmøtet 2015

Bakgrunn

I høve til Sogn og Fjordane Skikrins si lov fastset Skikrinsstyret tid og stad for gjennomføring av Haustmøtet.

Skikrinsstyret fastset også program for fellesdelen.

VEDTAK

Skikrinsstyret fastset Haustmøtet til tysdag 27. oktober 2015. Møtet vert avvikla på Skei, Skei Hotell.

Aktuell foredragshaldar på fellesdelen kan vere Arvid Andenæs og Aleksander Støckl.

SAK 10 15-17

Norges Skiforbund sin Anleggspris 2015

Bakgrunn

Også i år skal Norges Skiforbund tildele ein anleggspris. Prisen vert delt ut på arrangør- og anleggsseminaret 16.-18. oktober 2015.

Skikrinsane er oppmoda å innstille ein kandidat.

Kriterie;

- at anlegget har gode løysningar for heilårsbruk
- at det er lagt til rette for god variasjon av aktivitetar
- at utforming gjer det attraktivt både for breidde- og toppsegmentet
- at det er gode løysingar for å sikre snø

Skiforbundet ber om innspel på kandidatar innan 01. oktober 2015.

Anlegga som vert innstilt kan vere arenaer som har vore gjennom utbygging/renovering eller arenaer som er nyetablerte.

VEDTAK

Skikrinsstyret innstiller Hornindal Skisenter til Norges Skiforbund sin Anleggspris 2015.

SAK 11 15-17

Møteplan Skikrinsstyret

Bakgrunn

Skikrinsstyret skal fastsette møteplan for hausten 2015.

Elles er Skikrinsen invitert til fagmøte/ dialogmøte med Sogn og Fjordane idrettskrins på Skei 16.09.2015, kl. 18.00-20.30.

Her følgjer invitasjon til møtet;

Fagmøta skal gi høve til gjensidig utveksling av erfaringar, innspel til utviklingstiltak og søking etter kunnskap som kan styrke idrettstilboda.

Eitt dagsaktuelt fagpolitisk tema er oppfølging av nytt Idrettspolitisk dokument, IPD 2015-2019. Dette gir føringar for alle ledd t.d. for innretninga av tilboda for barn og ungdom i det daglege idrettsarbeidet. Elles set vi fokus på vidare prosess med fellesprosjektet «Framtidas i idrett i Sogn og Fj.» og særiddrettane sine behov for kunnskap/spisskompetanse på felles- og tverridrettslege fagområde.

Vi har sett følgjande på dagsorden:

1. Viktige idrettspolitiske føringar frå IPD 2015-2019 med m.a. følgjande utfordringar:
Korleis må vi innrette organisering og aktivitet for å sikre at:
 - ✓ barn og ungdom får høve til å delta i fleire idrettar
 - ✓ idrettslaga har eit tilpassa sesong- og konkurransetilbod med aktive sine interesser i sentrum
 - ✓ vi avgrensar kostnadsdrivande sider ved deltaking i idrettstilbodaInnleiing og diskusjon
2. Kunnskaps- og utviklingsstøtte gjennom prosjektet « Framtidas idrett i Sogn og Fj.», sjå vedlegg.
Særiddrettane sine behov. Prosess/diskusjon på aktivitetsmål.
3. Aktuelle andre tema frå idrettskrinsen og innspel frå særkrinsane/regionane på sider de ønskjer å ta opp felles.

Vi ser fram til ei ny god fagøkt på Skei 16.9. og treng ei tilbakemelding til oss på kven som kjem frå din organisasjon

med frist på torsdag 10 . september.

VEDTAK

Skikrinsstyret fastset ikkje tidspunkt for styremøtet hausten 2015, men ein legg opp til ett styremøte før Haustmøtet, i tillegg til ett møte i desember.

Vidare deltek Finn Årdal på vegne av Sogn og Fjordane Skikrins på møtet med idrettskrinsen 16. september 2015.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 12 15-17

Markedsarbeid Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Mange av skikrinsen sine samarbeidsavtalar har vore til reforhandling siste året. Her følgjer ein status i markedsarbeidet til skikrinsen p.t.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Fylkeskommunen	AU/Ski i Skulen	2015	Avtalen er reforhandla t.o.m. 2016. Økonomisk nivå er same som tidlegare. Ny avtale er signert i august 2015.
Skei Hotell	AU	2015	Avtalen er reforhandla for sesongen 2015-2016. Ny avtale er signert i august.
Skiing Norway, Hotel Alexandra	AU	2017	
Skiing Norway, Skogstad Sport AS	AU	2018	
Skogstad Sport AS	AU		Avtalen er under forhandling, men er p.t. ikkje signert.
ByggTeam AS	Langrenn	2015	Avtalen er reforhandla t.o.m. våren 2018. Økonomisk nivå er same som tidlegare. Ny avtale er signert august 2015.
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2015	Avtalen vart reforhandla og signert vinteren 2015. Avtalen strekker seg t.o.m. 31.12.2017. Økonomisk nivå er same som tidlegare.
COOP Vest SA	Alpint	2016	
Fjord1	Alpint	2015	Avtalen er under reforhandling. Nytt møte med Fjord1 er avtala 07.09. 2015.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Frydenbø AS	Alpint	2017	Avtalen vart reforhandla og signert våren 2015. Avtalen strekker seg t.o.m. våren 2017. Økonomisk nivå er same som tidlegare.
Sparebanken Vest	Alpint	2018	Avtalen er omlag ferdig forhandla, men den er førebels ikkje signert.
SFE	Hopp/ langrenn	2016	Evt. ny avtale er under reforhandling.
Toyota	AU		Uformell avtale
AVIS	Alpint		Uformell avtale

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 13 15-17

Synfaring Ullsheim, 10.08.2015

Bakgrunn

Markane IL vurderar å søkje om NM del 1 eller del 2 med Ullsheim som arena. Som eit ledd i dette har Norges Skiforbund saman med Sogn og Fjordane Skikrins og Stryn kommune gjennomført synfaring av løyper, stadion, øvrige fasilitetar og infrastruktur. Med tanke på å innrette hovudbasen for overnatting, møter og øvrige sidearrangement til Hotel Alexandra i Loen, var møte med hoteleleiinga og synfaring av hotellet også ein del av besøket.

Det primære føremålet med synfaringa var å vurdere sjølve løypenettet og stadionområdet, og påvise eventuelle utbedringsbehov. Vidare var det også naudsynt å drøfte snøsituasjonen og korleis ein kan førebu seg for å unngå avlysing eller flytting av arrangementet.

Basert på førebelse tilbakemeldingar frå synfaringa om kva høvesvis NM del 1 og 2 vil innebære av justeringar og tilrettelegging, rådar skiforbundet styret i laget å meisle ut ein arrangementstrategi dei kommande åra. I dette ligg det naturleg ein arrangementserie med opptrapping og testing av ulike kapasitetsbehov fram mot eit evt. NM. I dette er m.a. ein god stab av frivillige ein føresetnad. Gjennom t.d. å danne ein arrangørallianse med relevante naboklubbar vil ein i større grad løfte i flokk, og vere budd til å levere på den strategien som vert lagt.

Dersom Markane IL ynskjer å arbeide vidare med mål om NM-arrangement vil skiforbundet bistå med fleire synfaringar, og elles med innspel i prosessen.

Konklusjon:

Hovudlinjene i konklusjonen er at Ullsheim har eit godt potensiale for å kunne avvikle eit vellukka NM. Løypenetet treng nokre utvidingar, men i overkommeleg grad. Stadionområde krev kun mindre justeringar.

Utfordringane m.o.t. snø let seg løyse, men kapasiteten på utstyr og vatn bør utvidast noko. Dette for å kunne produsere snø til sesongen ein er inne i, samt til lagring for neste sesong.

Det mest kritiske slik området framstår i dag er parkering og oppstillingsplass for større køyretøy i umiddelbar nærleik til stadion. Dette blir ei av hovudutfordringane som må løysast.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT SAK 14 15-17

Programsatsingsmidlar til Langeland Skisenter

Bakgrunn

Kulturdepartementet har vedteke å tildele Langeland Skisenter 2,2 millionar av departementet sine programsatsingsmidlar til rulleskiløyper. Tildelinga er gjort med bakgrunn i innstilling frå Norges Skiforbund og Sogn og Fjordane Skikrins.

Programsatsingsmidlane vert tildelt med atterhald om at søknad om ordinære spelemidlar gjennom ordninga «Idrettsanlegg i kommunane» vert godkjend. Det vil seie at søknaden vert funnen i formell orden av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Programsatsingsmidlane kjem i tillegg til eventuelt tilskot av ordinære spelemidlar. Statleg tilskot kan ikkje utgjere meir enn 50% av godkjende kostnader med rett til tilskot.

Programsatsingsmidlane til departementet kan utbetalast når det ligg føre ein spelemiddelsøknad i formell orden i fylkeskommunen og byggjearbeida er i gang.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 01 15-17	SFSK AK protokoll nr. 01 15-17
-----------------------------	---------------------------------------

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 30.06.2015

Arkivk.: ak/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 01 I ALPINKOMITEEN, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Tysdag 30. juni 2015, kl. 18.00-21.00

Sakliste

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 01 15-17	Konstituering av alpinkomiteen 2015-2017
SAK 02 15-17	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 03 15-17	Fjord1 samlingar 2015-2016
SAK 04 15-17	Økonomi- og markedsarbeid
SAK 05 15-17	Tilsetting av krinslagstrenar
SAK 06 15-17	Terminliste 2015-2016
SAK 07 15-17	Møteplan 2015-2016

RAPPORTERING

SAK 08 15-17	Rekneskapsrapport 1. halvår 2015
---------------------	---

EVENTUELT

- TIL STADES:** Atle Hamar, Per Lambrechts, Per Asbjørn Felde, Hege Venes og Yngve Thorsen (adm.)
- FORFALL:** Rune Espe
- MERKNADER:**
- REFERENT:** Yngve Thorsen
-

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 01 15-17 Konstituering av alpikomiteen 2015-2017

Bakgrunn

Val av:

- Nestleiar
- Medlem til anleggkomiteen
- Medlem til utdanning- og utviklingskomiteen
- Medlem til økonomi- og sponsorutvalet
- Sportsleg-/ samlingsansvarleg

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak følgjande:

- Nestleiar; Per Lambrechts
- Medlem til anleggkomiteen; Per Asbjørn Felde
- Medlem til utdanning- og utviklingskomiteen; Hege Venes
- Medlem til økonomi- og sponsorutvalet; Atle Hamar
- Sportsleg-/ samlingsansvarleg; Rune Espe

Forventningar til arbeidet i komiteen;

- Arbeide med rekruttering til alpinsporten
- Skape eit endå betre trening- og konkurransetilbod lokal
- Arbeide for eit endå betre barmarkstilbod
- Utvikle ein anbefalt utviklingsmodell for Sogn og Fjordane, basert på NSF Alpint si utviklingstrapp
- Gjennomføre klubbesøk (startkveld) hjå alle alpingrupper i Sogn og Fjordane hausten/ vinteren 2015-2016

SAK 02 15-17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 03 15-17

Fjord1 samlingar 2015-2016

Bakgrunn

Med bakgrunn i tidlegare vedtak er alpinkomiteen ansvarleg for planlegging, gjennomføring og evaluering av følgjande Fjord1 samlingar sesongen 2015-2016.

- Jølster, 01.-03. mai 2015 (gjennomført)
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: Jølster IL/ skikrinsen
Tal påmelde: 18
- Jølster, 14.-16. mai 2015 (gjennomført)
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: Jølster IL/ skikrinsen
Tal påmelde: 33
- Juvass, 12.-14. juni 2015 (gjennomført)
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde: 14
- Juvass, 14.-16. august 2015
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde: 20
- Sandane, 21.-22. august 2015
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: BBIL
Tal påmelde: 24
- Sogndal, 12.-13. september 2015
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: Sogndal IL
Tal påmelde: 25
- Jølster, 26.-27. september 2015
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: Jølster IL
Tal påmelde: 25
- Hintertux, 03.-10. oktober 2015
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde: 20
Logistikk, transport av utstyr: Jan Inge Årdal og Vidar Taklo
- Førde, 24.-25. oktober 2015
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: Førde IL

Tal påmelde: 23

- Breim, 31. okt.-01. november 2015
Hovudtrenar: Even Hole
Teknisk arrangør: BBIL
Tal påmelde: 22
- Hafjell/ Kvitfjell, 26.-29. november 2015
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde: 32
- Hafjell, 02.-05. januar 2016
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde: 35
- Sogn og Fjordane, 29.-31. januar 2016
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ lokalt idrettslag
Tal påmelde: 31
- Hafjell, feb./ mars 2016
Hovudtrenar: ARAN
Teknisk arrangør: ARAN/ skikrinsen
Tal påmelde 19

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

Administrasjonen følgjer opp logistikkarbeidet i samband med samlinga i Hintertux (dette gjeld spesielt sjåførar til transport av utstyr).

SAK 04 15-17

Økonomi- og markedsarbeid

Bakgrunn

Ny samarbeidsavtale med Sparebanken Vest er stadfesta frå 01. august 2015. Avtalen strekker seg over 3 år, og har ein årleg verdi på kr. xxx xxx.

Vidare er ein fortsatt i prosess med Fjord1, og nytt møte er avtala torsdag 02. juli 2015.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om førespørje COOP Vest SA om tilbod på kjøp av salt til alle alpinarrangørar i Sogn og Fjordane 2015-2016.

SAK 05 15-17

Tilsetting av krinslagstrenar

Bakgrunn

Med bakgrunn i den nye samarbeidsavtalen med Sparebanken Vest fremmar leiar og adm. sjef forslag om at Even Hole skal tilsettast som krinslagstrenar sesongane 2015-2016, 2016-2017 og 2017-2018.

Stillingsprosenten til Hole vert stipulert til å vere ca. 35-45%, avhengig av lønsnivå samt endelege rammer i avtalen med Sparebanken Vest.

Hole sitt virke som krinslagstrenar vil evt. vere knytt til utvikling av klubbmiljø, utvikling av lokale trenarar, ansvarleg for komiteen sine barmarksamlingar, hovudleiar på Hovudlandsrenn etc.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at Even Hole skal tilsettast som krinslagstrenar f.o.m. 20. august 2015.

Under føresetnad av at dei økonomiske rammevilkåra er i høve til budsjett, får leiar og adm. sjef fullmakt til å utarbeide stillingsinstruks og inngå arbeidsavtale m/ Even Hole f.o.m. 20. august 2015.

SAK 06 15-17

Terminliste 2015-2016

Bakgrunn

Høyringsutkast til Terminliste 2015-2016 er utsendt på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen vedtek høyringsutkastet m/ endringar drøfta i møtet.

Utkastet skal sendast til høyring i laga m/ svarfrist 01. september 2015. Terminlista vert endeleg handsama i samband med skikrinsen sitt Haustmøte 2015.

SAK 07 15-17

Møteplan 2015

Bakgrunn

Alpinkomiteen vedtek møteplan for 2015.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande møteplan for 2015:

- Tysdag 15. september 2015, Skei (Thon Jølster Hotel)
- Måndag 26. oktober 2015, Skei (Thon Jølster Hotel)
- Onsdag 02. desember 2015, Skei (Thon Jølster Hotel)

RAPPORTERING

SAK 08 15-17

Rekneskapsrapport 1. halvår 2015

Bakgrunn

Rekneskapsrapport er utsendt på førehand.
Adm. sjef la fram rapporten.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

EVENTUELT



Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 04 15-17 Godkjenning av protokoll frå styremøte nr. 10 13-15
--

Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF

Dato: 21.04.2015

Arkivk.: styret/møter/protokoll/13-15

PROTOKOLL MØTE NR. 10 I SKIKRINSSTYRET, 2013-2015
--

Stad Skei, Thon Jølster Hotel
Tidspunkt: Tysdag 21. april 2015, kl. 17.00-20.15

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 111 13-15 Innkalling til Skikrinstinget 2015

RAPPORTERING

SAK 112 13-15 Rekneskap 2014
SAK 113 13-15 Rekneskap pr. 14.04.2015

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 114 13-15 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 115 13-15 Godkjenning av av protokoll frå styremøte nr. 09 13-15
SAK 116 13-15 Rammeprogram for Vår møte og Skikrinstinget 2015
SAK 117 13-15 Arbeidet til Heidersteiknemnda fram mot Skikrinstinget 2015
SAK 118 13-15 Arbeidet til Valnemnda fram mot Skikrinstinget 2015
SAK 119 13-15 Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal og Magnorpokal
SAK 120 13-15 Revidering av Anleggsplan 2013-2017
SAK 121 13-15 Revidering av Strategiplan 2013-2017
SAK 122 13-15 Status greinkomiteane – sesongen 2014-2015
SAK 123 13-15 Fordeling av mva. kompensasjon 2015
SAK 124 13-15 Profileringsartiklar - SFSK

ORIENTERINGSSAKER

SAK 125 13-15 Idrettsregistreringa 2014
SAK 126 13-15 Ski i Skulen 2015
SAK 127 13-15 Status markedsarbeid

EVENTUELT

SAK 128 13-15 «Fannemel-effekten»

- TIL STADES:** Inge Fænn, Hallvard Nygård, Lilly Schøyen, Gunnar Fannemel og Yngve Thorsen (adm.)
- FORFALL:** Reidun Hegrenes, Arthur Hegrenes, Anders Felde og Asle Sande.
- MERKNADER:**
- REFERENT:** Yngve Thorsen
-

REFERATSAKER

SAK 111 13-15

Innkalling til Skikrinstinget 2015

Bakgrunn

Jf. vedtak i Skikrinsstyret skal Sogn og Fjordane Skikrins avvikle Vårmøte og Skikrinsting 05.-06. juni 2015. Møta vert avvikla ved Thon Jølster Hotell.

Innkalling til Vårmøte og Skikrinstinget 2015 er vedlagt.

VEDTAK

Teke til orientering

RAPPORTERING

SAK 112 13-15

Rekneskap 2014

Bakgrunn

Rekneskap 2014 er vedlagt.

Adm. presenterte rekneskapen for 2014.

Nøkkeltal 2014:

- Resultat AU/ ADM: kr 113 905
- Resultat alpinksjetteen: kr 6 551,-
- Resultat hopp- og kombinertkomiteen: kr. 26 465,-
- Resultat langrennskomiteen: kr - 8 879,-
- Resultat totalt: kr. 138 042,-
- Driftsinntekter totalt: kr 3 462 302,-
- Driftskostnader totalt: kr 3 324 259,-

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner rekneskapen for 2014, og gjer vedtak om at resultatet for 2014 vert lagt til eigenkapitalen til Sogn og Fjordane Skikrins.

Eigenkapital pr. 31.12.2014; kr 1 008 968,-

SAK 113 13-15

Rekneskap pr. 14.04.2015

Bakgrunn

Rekneskap pr. 14.04.2015 er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek framlagt rekneskapsrapport til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 114 13-15 Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste

SAK 115 13-15 Godkjenning av protokoll frå styremøte nr. 09 13-15 Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 09 13-15 er sendt ut tidlegare for godkjenning. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll frå styremøte nr. 09 13-15.

SAK 116 13-15 Rammeprogram for Vår møte og Skikrinstinget 2015 Bakgrunn

Skikrinsstyret er tilsendt innkalling til Vår møtet og Skikrinstinget 2015. I innkallinga har ein skissert følgjande rammeprogram for arrangementa:

Fredag 05. juni 2015

Kl. 17.30 Frammøte, enkel servering

Kl. 18.00 Vår møte 2015 (alpint, langrenn, hopp/kombinert)

Kl. 21.00 Tingmiddag m/ utdeling av utmerkingar

Laurdag 06. juni 2015

Kl. 09.30 Opning av Skikrinstinget 2015

- Helsingar
- Tingforhandlingar

Kl. 10.30 Fagleg innlegg

Kl. 11.30 Lunsj

Kl. 12.30 Tingforhandlingar fort.

Kl. 15.00 Avslutning/heimreise

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner framlegg til rammeprogram, og leiar skal saman med adm. sjef følge opp eit evt. fagleg innlegg laurdag 06. juni 2015.

SAK 117 13-15 Arbeidet til Heidersteiknemnda fram mot Skikrinstinget 2015 Bakgrunn

Fredag 17. april sende heidersteiknemnda ut skriv til laga med oppmoding om å komme med innspel til kandidatar til skikrinsen sine heidersteikn. Laga sin svarfrist er 10. mai 2015.

Sogn og Fjordane Skikrins har følgjande utmerkingar:

- Heidersmerket m/ diplom
- Heidersstatuetten m/ diplom

Heidersmerket kan delast ut til personar som:

- administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- på andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten store tenester

Heidersstatuetten kan delast ut til personar som:

- administrativt eller som aktiv eller i kombinasjon har gjort ein **særskilt** stor innsats for skiidretten gjennom mange år
- på andre måtar gjennom mange år har ytt skiidretten **særskilt** store tenester

Medlemer og styra i lag tilslutta Skikrinsen, styret i Skikrinsen og Heidersteiknemnda kan komme med framlegg på kandidatar.

Heidersteiknemnda består av:

- Leiar: Gunnar Steintveit, Haugen IL
- Medlem: Nils Olav Kongsvik, Førde IL
- Medlem: (Olga Marie Narum, gjekk bort hausten 2014)

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at følgjande personar skal tildelast skikrinsen sine heidersteikn:

Heidersmerke m/ heidersmerkediplom:

- Ellen Bodil Kirkeeide og Ola Rasmus Fannemel (Hornindal IL, hopp)
- Stig Seljeset (Hornindal IL, hopp)
- Per Sigve Selseng (Sogndal IL, langrenn)

Heidersstatuetten m/ heidersmerkediplom:

- Anders Fannemel (Hornindal IL, hopp)
- Arne Haukås (Kaupanger IL, langrenn)

Forøvrig avventar ein Heidersteiknemnda sitt framlegg og innkomne forslag frå laga.

SAK 118 13-15

Arbeidet til Valnemnda fram mot Skikrinstinget 2015

Bakgrunn

Valnemnda til Sogn og Fjordane Skikrins er godt i gang med sitt arbeid fram mot Skikrinstinget 2015, og omlag alle nøkkelposisjonar knytt til styret og komitear er på plass.

For orden skuld kan ein legge til at Valnemnda 2013-2015 består av:

- Leiar: Reidun Bergheim, Førde IL
- Medlem: Alf Henning Evjestad, IL Bjørn
- Medlem: Jon Kåre Blakset, IL Vetem
- Varamedlem: Terje Solheim, ÅTIL

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 119 13-15

Kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal og Magnorpokal Bakgrunn

Skikrinsstyret innstiller kandidatar til Bragdpokal, Talentpokal og Magnorpokal.

Statuttane for dei ulike utmerkingane er utsendt på førehand, i lag med oversyn over kven som har fått dei ulike utmerkingane tidlegare.

Statuttar Bragdpokal

Kan delast ut til den skiidrettsutøvar innan skikrinsen som, ut frå sine føresetnader, har levert den beste prestasjonen i sesongen.

Statuttar Talentpokal

Kan delast ut til den jente og eller gut i kvar skigrein som har utmerka seg ved spesiell talentfull innsats

Statuttar Magnorpokal (delast ut 2 kvart år, tot. 4 stykkjer)

Utøvarane bør vere i alderen 12-16 år.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka:

Bragdpokal skal delast ut til:

- Anders Fannemel (Hornindal IL, hopp)
 - o Verdsrekord i skiflyging, 251,5 m
 - o Verdsmeister i laghopp 2015
- Åge Solheim (Haugen IL, alpint)
 - o Junior NM gull i Super G 2014
 - o NM slalom 2015, nr. 6

Skikrinsstyret kjem med framlegg om at Talentpokal skal delast ut til:

- Andrine Mårstøl (Haugen IL, alpint)
- Emma Åsebø (Haugen IL, alpint)
- Andreas Strand (Jølster IL, alpint)
- Johannes Betten (Førde IL, alpint)
- Jon Rolf S. Hope (Hyen IL, langrenn)

Skikrinsstyret kjem med framlegg om at Magnorpokal skal delast ut til:

- Daniel Hagen (IL Vetten, alpint)
- Eskil Kveen (Markane IL/ IL Vetten, hopp/kombinert)
- Inga Kårstad Skaar (Førde IL, langrenn)
- Andreas Hetle (BBIL, langrenn)

Når det gjeld framlegga vedr. utdeling av Talent- og Magnorpokal skal desse godkjennast hjå respektive greinkomitear.

Skikrinsstyret gjer vidare vedtak om at prestasjonane til Sara F. Haugen (Luster Telemarkklubb) og Øyvind Vagstad (Syril IL, telemark) skal vurderast nærare.

SAK 120 13-15

Revidering av Anleggsplan 2013-2017

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin Anleggsplan 2013-2017 vart vedteken i samband med Skikrinstinget i 2013.

Planen skal reviderast i samband med Skikrinstinget i 2015.

Proessen kring revidering av planen vert starta i samband med møte i anleggskomiteen torsdag 23. april 2015.

Som eit utgangspunkt for prosessen tek ein høgde for å revidere planen på følgjande punkt:

- 1) Oppdateringar av faktaopplysningar
- 2) Oppdatering om planar for rehabilitering/standardheving av eksisterande anlegg eller nyanlegg
- 3) Eventuelle konkrete framlegg til omprioriteringar i gjeldande anleggsplan

Anleggsplan 2013-2017 er lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 121 13-15

Revidering av Strategiplan 2013-2017

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2013-2017 vart vedteken i samband med Skikrinstinget i 2013, og planen er den organiserte skiidretten i Sogn og Fjordane sitt skipolitiske dokument.

Vidare dannar dokumentet grunnlag for Skikrinsstyret og greinkomiteane sine årlege handlingsplanar.

Strategiplanen byggjer på Norges Skiforbund sitt Skipolitiske Dokument 2012-2016.

Leiar og adm. sjef ber Skikrinsstyret vurdere i kva grad og omfang planen skal reviderast i samband med Skikrinstinget 2015.

Strategiplan 2013-2017 er lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at følgjande område/ tiltak skal forsterkast i planen:

- *Ski i Skulen*
- Integrering
- Antidoping
- Arbeid med beredskap
- Team Veidekke Vest

SAK 122 13-15

Status greinkomitéane – sesongen 2014-2015

Bakgrunn

Leiarane i greinkomitéane leverar skriftleg rapport for perioden november-mars til Skikrinsstyret.

Rapportane skal presenterast av respektive greinkomitéleiarar i samband med møtet.

VEDTAK

Ingen av greinkomitéane leverte rapport til styret.

Ein gjer vidare vedtak om at greinkomitéane sine årsmeldingar skal ferdigstillast seinast måndag 11. mai 2015.

SAK 123 13-15

Fordeling av mva. kompensasjon 2015

Bakgrunn

Ordninga med mva. kompensasjon skal kompensere for kostnader som frivillige lag- og organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester etter enkelte frådrag. Føremålet med ordninga er å fremme frivillig aktivitet. Det blir ikkje krevd rapportering på bruk av midlane.

Ordninga med mva kompensasjon til frivillige organisasjonar tredde i kraft 01. januar 2010.

Tilkotsordninga gjev kompensasjon for meirverdiavgift etter søknad.

I 2014 mottok Sogn og Fjordane Skikrins kr. 166 990,- i kompensasjon, basert på innrapporterte driftskostnader. Sidan ordninga vart sett i verk har desse midlane blitt budsjettert og ført på AU sin avdeling.

I samråd med leiar fremmar ein forslag om at mva. kompensasjonen i 2015 skal budsjetterast og førast som inntekt fordelt på arbeidsutvalet/ administrasjon, alpinkomiteen, hopp-/ kombinertkomiteen og langrennskomiteen.

Framlegget innbefattar at fordelinga av tilskotet skjer etter prosentvis fordeling basert på sum driftskostnader for dei ulike avdelingane pr. år.

Eksempelvis har alpinkomiteen driftskostnader på kr. 1 024 803,- i 2014.

Dette tilsvarar ca. 29% av skikrinsen sine totale driftskostnader. Dvs. at alpinksjetteen etter framlagt modell ville fått 29% av tildelt mva. kompensasjon i 2014. Dvs. ca. kr. 48 000,-.

Noko av bakgrunnen for framlegget er m.a. knytt til at økonomien i greinene må styrkast, samstundes som aktiviteten i greinene er eit viktig bidrag i høve til skikrinsen sin tildelte mva. kompensasjon (totalt).

VEDTAK

Skikrinsstyret sluttar seg til framlegget, og gjer vedtak om at mva. kompensasjonen i 2015 skal budsjetterast og førast som inntekt fordelt på arbeidsutvalet/ administrasjon, alpinksjetteen, hopp-/ kombinertkomiteen og langrennskomiteen.

Vedtaket innbefattar at fordelinga av tilskotet skjer etter prosentvis fordeling basert på sum driftskostnader for dei ulike avdelingane pr. år.

SAK 124 13-15

Profileringsartiklar - SFSK

Bakgrunn

I samråd med leiar har adm. sjef henta inn tilbod på evt. kjøp av gensar, skjorte og pc-veske til Skikrinsstyret. I lag med Gosh PGP har ein teke utgangspunkt i ei lys blå skjorte, med mørke blå detaljar. Gensarane kjem i regulær, og ein føreslår ein mørk blå farge.

Bilete av gensar og skjorte er vedlagt.

Inkl. produksjon og brodering av logo på nemnde produkt, har ein fått tilbod om ein samla pris på kr. 27 355,- på levering av 10 stk. gensarar, 10 stk. skjorter og 10 stk. pc-vesker

Tilbod frå Gosh PGP er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å kjøpe 12 stk. gensarar, 12 stk. skjorter og 12 stk. pc-vesker.

Orienteringssakene fortset på neste side.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 125 13-15

Idrettsregistreringa 2014

Bakgrunn

Idrettsregistreringa 2014 vart gjennomført frå 02. – 31. januar 2015.




Registreringa vert gjennomført ved at idrettslaga rapporterar nøkkelinformasjon til NIF på ei enkel nettbasert løysing.

Tala frå idrettsregistreringa dannar grunnlag for ulike økonomiske stønadsordningar (lokale aktivitetsmidlar, utstyrsmidlar, kommunale midlar etc.).

Vidare er tala frå idrettsregistreringa grunnlag for statistikkar om og for idretten. På dei følgjande sidene finn ein innrapporterte aktivitetstal for Sogn og Fjordane Skikrins i 2014, i tillegg finn ein også grafikk som viser einsskilde utviklingstrekk.

Aktivitetstal IR													
Sogn og Fjordane Skikrins (Aktive medlemmer)													
	Kvinner						Menn						Sum
	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	Sum	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	Sum	
	339	1211	460	212	825	3047	404	1362	689	370	1355	4180	7227
Askvoll og Holmedal IL	0	0	0	0	1	1	0	0	0	0	3	3	4
Aurland IL	12	15	8	0	12	47	14	19	9	3	13	58	105
Balestrand IL	15	38	47	25	89	214	30	47	71	37	75	260	474
Breimsbygda IL	19	95	16	16	27	173	23	74	18	11	63	189	362
Dale IL	4	5	9	0	12	30	0	13	8	4	11	36	66
Eid IL	0	13	7	4	4	28	0	14	6	2	22	44	72
Eikefjord IL	16	49	17	20	33	135	20	64	27	27	53	191	326
Fanaråk IL	2	12	1	2	9	26	5	16	2	3	21	47	73
Feios IL	0	5	3	0	10	18	0	5	2	0	10	17	35
Fjellhug/Vereide IL	0	3	1	0	8	12	0	12	6	1	33	52	64
Fjærland IL	1	14	4	0	4	23	2	13	6	1	4	26	49
Førde IL	2	103	43	3	25	176	6	99	34	8	110	257	433
Gaular IL	12	59	16	10	46	143	14	68	23	17	73	195	338
Gudvangen IL	0	2	4	3	7	16	2	4	2	3	8	19	35
Hafslø IL	15	41	12	5	33	106	25	53	38	39	43	198	304
Hardbagg IL	0	11	2	3	30	46	0	15	9	5	31	60	106
Haugen IL	19	35	8	5	21	88	21	40	8	2	22	93	181
Heggjabygda IL	3	5	5	0	10	23	1	3	9	0	11	24	47
Homindal IL	8	25	1	0	4	38	12	20	5	3	15	55	93
Hyen IL	0	15	3	1	10	29	1	21	18	1	29	70	99
Høyang, IL	0	0	3	3	5	11	0	2	5	4	22	33	44
IL Bjørn	35	104	27	6	15	187	40	93	35	12	45	225	412
Jotun IL	10	30	5	2	6	53	10	48	12	6	11	87	140
Jølster IL	17	43	17	15	43	135	28	54	38	25	56	201	336
Kaupanger IL	0	40	7	0	3	50	0	59	13	0	8	80	130
Luster IL	0	0	1	0	0	1	0	0	2	1	0	3	4
Luster Telemarkklubb	0	0	5	0	0	5	0	1	4	0	2	7	12
Lærdal IL	10	15	9	15	15	64	10	15	15	15	5	60	124
Markane IL	9	64	14	2	93	182	16	55	59	17	113	260	442
Modig IL	2	8	3	3	25	41	5	2	5	3	20	35	76
Måløy IL	0	0	0	5	10	15	0	0	0	5	10	15	30
Norddalsfjord IL	0	5	0	2	2	9	2	9	9	3	15	38	47
Olden IL	0	4	5	1	10	20	0	11	8	2	18	39	59
Oppstryn IL	0	3	5	5	8	21	4	5	4	4	8	25	46
Sogndal IL	35	89	26	7	33	190	9	114	13	5	53	194	384
Stryn T og IL	0	2	1	0	6	9	0	7	6	4	12	29	38
Stårheim IL	0	6	6	2	10	24	0	4	8	1	10	23	47
Svelgen T&IF	12	24	11	3	5	55	14	29	12	5	14	74	129
Syri IL	10	36	19	12	24	101	19	42	38	18	37	154	255
Tambarskjelvar, IL	3	20	1	0	1	25	2	18	3	0	9	32	57
Vadheim IL	0	1	3	0	1	5	0	0	4	1	5	10	15
Veitastronn IL	6	14	6	3	5	34	6	13	6	3	3	31	65
Veten IL	20	41	30	2	10	103	17	56	12	17	20	122	225
Vetlefjorden IL	1	1	1	0	5	8	1	3	2	0	5	11	19
Vik IL	0	40	3	5	0	48	0	40	10	15	65	130	178
Vikane IL	8	15	0	0	0	23	7	17	0	0	0	24	47
Viksdalen IL	13	21	23	16	15	88	15	21	28	27	28	119	207
Von IL	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1	1	1
Årdalstangen IL	20	40	22	6	80	168	23	44	37	10	110	224	392
Sogn og Fjordane Skikrins (49/49)	339	1211	460	212	825	3047	404	1362	689	370	1355	4180	7227

Utvikling aktivitetstal – Sogn og Fjordane Skikrins 2010-2014



VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 126 13-15

Ski i Skulen 2015

Bakgrunn

Prosjektet Ski i Skulen har vinteren 2015 vorte gjennomført ved følgende skular

Skule	Klasse	Tal elevar
Gaupne skule	5.-6. klasse	39
Flatbygdi skule	6. klasse	30
Breim Skule	6.-7. kl.	33
Flatene skule	4. klasse	45
Tonning skule	5. klasse	46
Nordfjordeid skule	5. klasse	30
Trudvang skule	4. klasse	71
Tangen Skule	6. klasse	30
Leikanger Barneskule	5. klasse	30
Hjelle Skule	3. klasse	30
Sunde Barneskule	5. og 6. klasse	51
Frøysland skule	Heile skulen	17
Hyen skule	Heile skulen	65
Haugen Skule	5.-7. klasse	32
Karstad skule	Heile skulen	17
Kaupanger Skule	5.-6. klasse	36
Hornindal Skule	Heile skulen	165
Sum skular: 17		Sum elevar: 767

Generell informasjon om prosjektet

Målsetjing

- skape ei god skiopplæring i grunnskulen, der skiglede i snø er eit sentralt moment.
- bidra til auka fysisk aktivitet blant born og ungdom gjennom aktivitet vinterstid

Prosjekteigar

Prosjekteigar er Sogn og Fjordane Skikrins.

Andre viktige støttespelarar i prosjektet er Sogn og Fjordane Fjordane Fylkeskommune, Sparebankstiftinga og Norges Skiforbund.

Innhald i undervisninga

Skiaktivitet på flate

- lære ferdigheiter knytt til klassisk skiteknikk, langrenn
- lære ferdigheiter knytt til friteknikk, langrenn

Skiaktivitet i bakke

- grunnleggande svingteknikk
- grunnleggande hoppteknikk
- tileigne seg god balanse og generell skiferdigheit i nedoverbakke

Å klare seg ute vinterstid

- lære å tenne, bevare og kose seg rundt eit bål vinterstid
- lære påkledning vinterstid (kulde, sveitte etc.)

Erfaringar

Vinteren 2015 er sjette sesongen prosjektet Ski i Skulen vert gjennomført i Sogn og Fjordane. Tilbakemeldingane frå skulane, idrettslaga og ikkje minst elevar og foreldre/ føresette er gode.

På sikt er målsetjinga at 1 000 born/elevar skal ta del i Ski Skulen.

Noko av det ein opplever som svært positivt med Ski i Skulen er at ein ser mange elevar igjen i skiløypene på kveldstid og helgar, gjerne i lag med foreldre/føresette og ikkje minst søsken.

Når ein snakkar med desse viser dei til prosjektet Ski i Skulen som ein direkte konsekvens m.o.t. at dei blir meir aktive vinterstid. Mange foreldre viser til at no er det borna som får dei ut på ski – ikkje omvendt slik det ofte brukar å vere.

Såleis er dette eit godt tiltak innanfor førebyggjande folkehelsearbeid, og ein er spesielt godt nøgde med ringverknadane tiltaket har når ein gjennom prosjektet klarar å skape meir aktivitet i mange familiar vinterstid – ikkje berre hjå den enkelte elev.

Skikrinsen ser vidare på prosjektet som ein viktig del av det pågåande folkehelsearbeidet i fylket knytt opp mot ny folkehelselov og gjeldande regional politikk. Skikrinsen ser det som spesielt viktig at eit slikt prosjekt vert gjennomført i skuleverket, som gjev tilbodet til alle elevane uavhengig av foreldra sin sosioøkonomiske status. Prosjektet kan difor bidra til å jamne ut sosiale skilnader innan helse.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 127 13-15

Status markedsarbeid

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins har reforhandla følgjande markedsavtalar i 2014:

- **Sparebanken Sogn og Fjordane** (signert)
 - o 3-årig avtale
 - o Same økonomiske nivå som tidlegare
 - o Bransjeeksklusivitet for langrenn
- **Frydenbø Bilsenter AS** (signert)
 - o 3-årig avtale
 - o Same økonomiske nivå som tidlegare
 - o Bransjeeksklusivitet for alpint
- **Skogstad Sport AS** (avtalen er ikkje signert)
 - o 2-årig avtale

- Leveranse av ytterbekledning (div. klede kostnadsfritt, i tillegg til ytterjakker til kostpris)
- Skiing Norway – medlem (verdi kr. 25 000,-)

Følgjande avtalar er ikkje reforhandla p.t.:

- **Fjord1**
Når det gjeld samarbeidsavtalen med Fjord1 så er ein i prosess m.o.t. reforhandling, men endeleg utfall er ikkje avklara p.t.
- **ByggTeam AS**
Reforhandling av samarbeidsavtalen med ByggTeam AS vert starta våren 2015.
- **Sogn og Fjordane Fylkeskommune** (utviklingsavtale)
Ein har gjennom samtalar med plan- og samfunnsavdelinga i fylkeskommunen fått sterke signal om at ein ynskjer å vidareføre utviklingsavtalen med Sogn og Fjordane Skikrins.

Rammene for avtalen vil mest truleg vere som tidlegare, dvs. kr. 100 000,- pr. år.

Det er avtala reforhandlings møte med plan- og samfunnsavdelinga 28. april 2015

- **Ny samarbeidspartner for alpikomiteen**
Ein er vidare i dialog med ein ny aktuell samarbeidspartner for Sogn og Fjordane Skikrins, alpikomiteen.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT SAK 128 13-15

«Fannemel-effekten»

Bakgrunn

Leiar orienterte styret om prosjektet; «Fannemel-effekten».

«Fannemel-effekten» er eit prosjekt retta mot rekruttering og utvikling av unge hopparar i Sogn og Fjordane.

Målsetjinga med prosjektet er at fleire unge hopparar skal få hente inspirasjon frå Anders Fannemel og «gamletrenaren» Stig Seljeset.

Følgjande verksemder/ organisasjonar/ enkeltpersonar har sålangt støtta prosjektet økonomisk:

- Hornindal kommune
- Stryn kommune
- SFE
- Ekornes Grodås
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Skikrins



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS
.....

- Fjord Helikopter
- Nils Gjerland

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef